

## Melding om vedtak

Det Kongelige Kommunal og Regionaldepartement  
Postboks 8112 Dep.

0032OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

08/715-08/4897

Arkivkode:

FE-019


Dato:

10.09.2008

### Særutskrift - Endringar i vallova og kommunelova - Høyring

Viser til vedlagte sak med vedtak.

Med helsing



Jan Olav Osen  
rådmann



Irene Lérøy  
Sekr.

# Austrheim kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG               |            |        |               |
|------------------------|------------|--------|---------------|
| Styre, utval, råd m.m. | Møtedato   | Saksnr | Sakshands.    |
| Kommunestyret          | 03.09.2008 | 086/08 | Jan Olav Osen |

|                          |               |                       |
|--------------------------|---------------|-----------------------|
| Saksansv.: Olav Mongstad | Arkiv: FE-019 | Arkivsaknr: 08/715 -1 |
|--------------------------|---------------|-----------------------|

### Endringar i vallova og kommunelova - Høyring

Dokument i saka:

| Nr | T | Dok.dato   | Avsendar/Mottakar | Tittel                               |
|----|---|------------|-------------------|--------------------------------------|
| 2  | I | 30.07.2008 | Olav Mongstad     | Høyningsnotat om endringar i vallova |

| Dok.dato   | Vedlegg                              | Dok.ID |
|------------|--------------------------------------|--------|
| 30.07.2008 | Høyningsnotat om endringar i vallova | 17131  |

#### Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Austrheim kommunestyre kan ikkje støtta framlegget om å la eit mindretal i kommunestyret omgjera eit vedtak i valstyret om opningstid i vallokala. Det er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp at det er fleirtalet i eit folkevald organ som kan ta avgjerder, derfor bør regelen vera at berre eit fleirtal i kommunestyret kan omgjera eit vedtak i eit underliggjande organ, valstyret.

Austrheim kommunestyre er samd i endringa om at det er høve til å be om førehandsrøysting i tidsrommet 1. juli til 10. august. Kommunen har mange ungdommar under utdanning som er heimehøyrande i Austrheim. Desse ungdommane er gjerne tilstades i heimkommunen i juli, men rundt 10. august er dei ofte reist tilbake til lærestaden. Det vil derfor vere ein god service at dei får høve til å førehandsrøysta i heimkommunen i ferien.

Austrheim kommunestyre er einig i at vallokala kan haldast opne til kl. 2100. Det er særleg argumentet om tidsklemma som er avgjerande her. Det er viktig å leggja valordninga til rette slik at flest mogleg får nytta røysteretten sin.

Austrheim kommunestyre er samd i at det bør vera heimel for valobservasjon. Vi har opne, demokratiske val der ein kvar veljar fritt kan stemma etter eiga overtyding. Slike val bør kunna observerast av valobservatørar.

Austrheim kommunestyre er samd i at det bør vera heimel for rådgjevande folkerøystingar. Det bør ikkje innførast noko heimel for å kunna ha bindande folkerøystingar. Grunnen er at det er ein grunnleggjande regel i vårt demokrati at dei folkevalde er gitt den tillit i val at dei skal ta avgjerdene i lokalsamfunnet sitt. Ved å leggja inn ein bestemmelse om rådgjevande røysting i lova, lovfestar ein berre ein lang tradisjon i norsk forvaltning. Gjennom fleire tiår har ulike spørsmål vore lagt ut til folkerøysting utan at det er heimla i lov.

**Behandling i Kommunestyret 03.09.2008:**  
Formannskapstilrådinga vart samråystes vedteken.

**KS-086/08 Vedtak:**

Austrheim kommunestyre kan ikkje støtta framlegget om å la eit mindretal i kommunestyret omgjera eit vedtak i valstyret om opningstid i vallokala. Det er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp at det er fleirtalet i eit folkevald organ som kan ta avgjerder, derfor bør regelen vera at berre eit fleirtal i kommunestyret kan omgjera eit vedtak i eit underliggende organ, valstyret.

Austrheim kommunestyre er samd i endringa om at det er høve til å be om førehandsrøysting i tidsrommet 1. juli til 10. august. Kommunen har mange ungdommar under utdanning som er heimehøyrande i Austrheim. Desse ungdommane er gjerne tilstades i heimkommunen i juli, men rundt 10. august er dei ofte reist tilbake til lærestaden. Det vil derfor vere ein god service at dei får høve til å førehandsrøysta i heimkommunen i ferien.

Austrheim kommunestyre er einig i at vallokala kan haldast opne til kl. 2100. Det er særleg argumentet om tidsklemma som er avgjerande her. Det er viktig å leggja valordninga til rette slik at flest mogleg får nytta røysteretten sin.

Austrheim kommunestyre er samd i at det bør vera heimel for valobservasjon. Vi har opne, demokratiske val der ein kvar veljar fritt kan stemma etter eiga overtyding. Slike val bør kunna observerast av valobservatørar.

Austrheim kommunestyre er samd i at det bør vera heimel for rådgjevande folkerøystingar. Det bør ikkje innførast noko heimel for å kunna ha bindande folkerøystingar. Grunnen er at det er ein grunnleggjande regel i vårt demokrati at dei folkevalde er gitt den tillit i val at dei skal ta avgjerdene i lokalsamfunnet sitt. Ved å leggja inn ein bestemmelse om rådgjevande røysting i lova, lovfestar ein berre ein lang tradisjon i norsk forvaltning. Gjennom fleire tiår har ulike spørsmål vore lagt ut til folkerøysting utan at det er heimla i lov.

Særutskrift sendt:

Det Kongelege Kommunal- og Regionaldepartementet

Dato: 10.09.08

Postboks 8112 Dep

Sign:

0032 Oslo

## **1. Saka gjeld:**

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut på høyring forslag til endringar i vallova og kommunelova. Høyringa har frist 30.09.2008.

## **2. Saksopplysningar:**

### **A. VALLOVA:**

**Det vert lagt fram forslag til endringar på desse paragrafane i vallova:**

*Departementet legg i dette notatet fram forslag til desse lovendringane:*

- *Forslag om å innføre ei ordning med "tidlegrøysting", det vil seie at veljarane frå 1. juli skal ha høve til å vende seg til kommunen og be om å få røyste før den ordinære førehandsrøystinga tek til 10. august.*
- *Forslag om at kommunen kan fastsetje at vallokala på valdagen skal halde ope til kl. 21.00. Det blir føreslått at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 21.00.*
- *Forslag om at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde todagars val.*
- *Forslag om innføring av lovbrotsgebyr ved brot på vallova § 9-9.*
- *Forslag om heimel for valobservasjon.*
- *Forslag om ei prinsippføreseggn i kommunelova om rådgivande lokale folkerøystingar og heimel for innsamling av data om slike folkerøystingar.*

I lovteksten i vallova er det gjort følgjande framlegg:

### **Lovforslag**

Desse endringane i vallova vert føreslått:

- § 8-1 (3) skal lyde:  
*(3) Velgeren er selv ansvarlig for å avgjere om han skal stemme på et tidspunkt som gjør at forhåndsstemmegivningen kommer inn til valgstyret innen valgdagen kl. 21.*
  - § 8-1 nytt fjerde ledd skal lyde:  
*(4) Velgere som oppholder seg innenriks, unntatt på Svalbard og Jan Mayen, og som ikke kan avgjøre om han skal stemme i perioden for forhåndsstemmegivning eller på valgtinget, kan avgjøre om han skal stemme fra 1. juli og frem til forhåndsstemmegivningen starter 10. august i valgåret.*
  - § 9-2 andre ledd skal lyde:  
*Kommunestyret kan selv vedta at det på ett eller flere steder i kommunen skal holdes valg også søndagen før den offisielle valgdagen. Slik vedtak treffes med tilslutning av så mange stemmer som tilsvarer minst 1/3 av kommunestyrets medlemmer.*
  - § 9-3 andre ledd skal lyde:  
*Valgstyret bestemmer hvor stemmegivningen skal foregå, og fastsetter tiden for stemmegivningen. Kommunestyret kan selv med tilslutning av så mange stemmer som tilsvarer minst 1/3 av kommunestyrets medlemmer, vedta å holde valglokalene åpne lenger enn det valgstyret har vedtatt. Stemmegivningen må ikke foregå senere enn kl. 21.*
  - § 9-9 skal lyde:  
*Valgresultater og prognosar som er laget på grunnlag av undersøkelser foretatt den dag eller de dager valget foregår, kan ikke offentliggjøres før tidligst kl. 21 på valgdagen mandag.*
- § 10-1 (1) bokstav g skal lyde:  
g) stemmegivningen er kommet inn til valgstyret innen kl. 21 på valgdagen.
  - Ny § 15-10 skal lyde:  
*§ 15-10 Valgobservasjon*

- (1) Departementet kan akkreditere nasjonale og internasjonale valgobservatører fra institusjoner eller organisasjoner til å observere gjennomføringen av valg til Stortinget eller valg til kommunestyre og fylkesting (2) Kommunene er forpliktet til å ta imot akkrediterte valgobservatører og tilrettelegge for valgobservasjon.  
(3) Departementet kan gi forskrift om akkreditering av valgobservatører og tilrettelegging av valgobservasjon.

- Ny § 15-11 skal lyde:

**§ 15-11 Overtredelsesgebyr**

- (1) Medietilsynet kan ved uaktsom og forsettlig overtredelse av § 9-9 ilegge overtredelsesgebyr til staten fastsatt etter nærmere regler gitt av departementet.  
(2) Overtredelsesgebyrer pålegges den som er ansvarlig for offentliggjøringen. Det bør ved fastsettelsen av størrelsen på gebyret legges vekt på overtredelsens karakter og grovhetsgrad. Ved gjentatte overtredelser av § 9-9 kan gebyret forhøyes. Gebyret er beløpsmessig begrensa oppad til kr 2.000.000.  
(3) Vedtak om ilagt overtredelsesgebyr kan påklages til departementet.  
(4) Ilagt overtredelsesgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg.  
(5) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføringen av bestemmelsene i denne paragraf, herunder om inndrivelse, renter og betalingsfrist.

**B. Det vert føreslått å gjere desse endringane i kommunelova:**

- Ny overskrift i kap. 6A skal lyde:

**Kapittel 6 A. Innbyggerinitiativ og rådgivende lokale folkeavstemninger**

**Ny § 39b Lokale folkeavstemninger**

1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme at det skal avholdes rådgivende lokal folkeavstemning.
2. Kommunene og fylkeskommunene plikter å gi de oppgaver som departementet finner er nødvendige for å offentliggjøre informasjon om lokale folkeavstemninger.

**3. Vurdering:**

Rådmannen si drøfting av dei ulike framlegga.

**A. FORSLAG OM ”TIDLEGRØYSTING” FØR 10. AUGUST.**

Førehandsrøysting startar etter lova 10. august. Ungdommar under utdanning har gjerne reist frå kommunen på dette tidspunktet.. Det kan derfor vera eit ekstra servicetiltak at ungdommar som er heime om sommaren har høve til å førehandsrøysta i eigen kommune.

Rådmannen si tilråding.

Rådmannen støttar framleggget om høve til å be om førehandsrøysting i tidsrommet 1. juli til 10. august.

**B. FORSLAG OM AT KOMMUNEN KAN HALDA VALLOKALA OPNE TIL KL. 2100.**

I departementet sine undersøkingar om avvikling av val er det ikkje nemnt frå kommunar om store tendensar til kø ved vallokala. Likevel vil departementet endra lova slik at vallokala kan vera opne til kl. 2100. Grunngjevinga er i i hovudsak tidsklemma folk opplever, når lokalet vert stengt kl. 2000, kan det heller føra til at folk ikkje stemmer. Det er særleg for dei store byane endringa til kl. 2100 kan vera ein fordel, seier departementet. Dei seier og at

argumentet om at resultatet kjem ein time seinare enn i dag, ikkje kan vera argument. Det viktigaste er å tilretteleggja for veljarane slik at dei har best høve til å røysta.

Rådmannen si drøfting.

Rådmannen ser ikkje at ei utviding av røystetida har vore tema i Austrheim. Kommunen har godt tilrettelagte røystelokale som gjer det lett å røysta innan tida 1400 til 2000 som har vore aktuell tidspunkt i Austrheim. Samstundes er det slik at når opningstida vert utvida, vil det alltid vera dei som tilpassar seg nye tider.

Rådmannen ser argumentet om tidsklemma kan vera eit argument for å tillata opningstid til kl. 2100. Kommunestyret vil framføre kvart val ta avgjerd kva tidspunkt vallokala skal vera opne. Rådmannen støttar framlegget utifrå argumentet om å tilretteleggja for veljarane på best mogleg måte.

#### **C. 1/3 AV KOMMUNESTYRET KAN AVGJERA OPNE VALLOKALE TIL KL. 2100.**

Departementet føreslår at vallova vert endra slik at eit mindretal på 1/3 av kommunestyret kan avgjera om vallokala skal vera opne til kl. 2100. Det er valstyret som avgjør opningstida, men dei vil leggja inn ein regel om at eit mindretal kan endra ei avgjerd i valstyret.

Rådmannen si drøfting.

I kommunal samanheng er det eit grunnleggjande prinsipp at i avstemmingar gjeld fleirtalet si avgjerd. Kommunelova har nokre bestemmelser om mindretalsavgjerd. Dette gjeld t.d. å avgjera om ei sak kan takast opp utan å stå på sakliste. Det gjeld også om anke av ei avgjerd. Rådmannen støttar ikkje forslaget om at eit mindretal i kommunestyret kan omgjera eit vedtak i valstyret. Rådmannen kan derimot støtta ein regel om at eit fleirtal i kommunestyret kan omgjera eit vedtak i valstyret.

#### **D. SANKSJONAR FOR BROT PÅ VALLOVA § 9-9.**

Det er forbode å offentleggjera valresultat før kl. 2000 sjølv om media har tilgang på resultat før den tida. Dersom vallokala kan ha ope til kl. 2100, vil det truleg bli endå meir konkurranse om å offentleggjera resultat før fristen. Departementet meinar derfor det er riktig å leggja inn bestemmelser om sanksjonar overfor dei som bryt regelen.

Rådmannen si drøfting.

Rådmannen støttar framlegget om å ha ein bestemmelse om sanksjon ved brot på § 9 -9. I ein skjerpa media-konkurranse kan det vera freistande å offentleggjera resultat før fristen. Det bør derfor vera høve til å sanksjonera dei som bryt regelen om offentlegging.

#### **E. HEIMEL FOR VALOBSERVASJON.**

Dagens vallov har ikkje heimel for å ha valobservatørar under val. Noreg sender slike observatørar til fleire land for å sjå til at val går rett føre seg. Departementet vil innføra slik heimel i den norske vallova.

Rådmannen si drøfting.

Rådmannen støttar forslaget om å gi slik heimel. Det norske valet skal vera eit demokratisk val der alle veljarar fritt skal stemma etter eiga overtyding. Det vil derfor vera rett utvikling å leggja inn regel om at det kan vera valobservatørar i norske vallokale.

#### **F. FORSLAG OM EI PRINSIPPFORESEGN I KOMMUNELOVA OM RÅDGJEVANDE LOKALE FORLERØYSTINGAR.**

I dag er det ikkje lagt inn noko om folkerøystingar i vallov eller kommunelov. Eit kommunestyre kan derfor fritt sjølv vedta ei lokal rådgjevande folkerøysting i ei sak. I Opplæringslova er det bestemmelse om lokal folkerøysting om kva målføre som skal vera hovudmål i ein krins.

Rådmannen si drøfting.

Det er ein grunnleggjande regel i det norske demokrati at dei som vert folkevalde representerer folket og har mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld lokalsamfunnet. Mange saker er så kompliserte at å leggja dei ut til folkerøysting kan vera vanskeleg. Rådmannen meinar likevel at det er riktig å leggja inn bestemmelse om rådgjevande folkerøystingar i lova. Det bør vera opp til eit folkevald fleirtal til ei kvar tid å avgjera om ei sak skal leggjast ut til rådgjevande røysting. Rådmannen vil ikkje at det skal gjevast heimel for bindande folkerøystingar. Uansett er det dei folkevalde som si plikt til å ta avgjerdene gjerne etter råd frå innbyggjarane, derfor bør det berre gjevast heimel for rådgjevande røystingar. Når det no vert lagt inn bestemmelse om dette i lovverket, er det berre ei lovfesting av ein lang tradisjon i lokaldemokratiet. Gjennom lengre tid har ulike spørsmål vore lagt ut til avrøysting. Det vil så vera eit politisk val korleis partia stiller seg til dei råda folkefleirtalet gjev.

#### **4. Konklusjon:**

Rådmannen støttar ikkje framleggget om at eit mindretal i kommunestyret kan omgjera eit vedtak i valstyret om opningstida i vallokala. Dei andre framlegge til endring vert støtta.